

---

Saksnr: 2020/56359-4  
Saksbehandlar: Matti Torgersen  
Dato: 29.07.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkeskommunedirektøren

---

## Fv. 49 Tokagjelet - Status

Fylkeskommunedirektøren gjer her greie for status for vidare arbeid med sikte på å avklare finansiering og vidare planlegging for fylkesveg 49 Tokagjelet.

### Politiske vedtak

Det ligg føre endelege politiske vedtak av kommunedelplan for fv. 49 Tokagjelet både i Kvam herad og i Samnanger kommune. Kvam herad gjorde slikt vedtak 29. september 2020:

1. «Kvam heradsstyre vedtek i samsvar med plan- og bygningslova, jf § 11-15 Kommunedelplan for Tokagjelet for strekkja i mellom Steinsdalen til Eikedalen med planomtale, plankart og føresegnar. Plankartet og føresegner må oppdaterast til å vera i tråd med ny kommuneplan, vedteken i 2019.
2. Kvam heradsstyre ber Vestland fylkeskommune om å setja i gang reguleringsarbeidet så snart som mogleg. Det er særleg viktig å få avklara påhoggsalternativet i Kletten i høve arealbruk for næringsverksemda Lid Jarnindustri AS, og i høve kva private bustader som vil verta råka av påhogg og infrastruktur her. Kvam herad ber Vestland fylkeskommune ta omsyn til behovet til Lid jarnindustri for utelager og parkering i reguleringsprosessen (område SAMN 1 i kommunedelplanen)
3. Kvam heradsstyre ber om at Vestland fylkeskommune snarast tar initiativ til dialog med kommunane Kvam og Samnanger, for å arbeida fram ei løysing for finansiering av tunnelen.»

Kommunestyre i Samnanger gjorde slikt vedtak 28. oktober 2020:

«Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-1 tredje ledd og 11-15 vert det gjort endeleg vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet, PlanID 1242201701. Planen består av føresegner og retningslinjer, plankart og planomtale, for strekninga Eikedalen (E3) til Kletten (B1). Planen er utarbeidd av Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune.

Tiltaket bør finansierast utan bompengar, men dersom det vert bompengar krev Samnanger kommune at eksempel 1 (s.95 pkt. 6.5.2 Bompenggeopplegg i planomtalen) mtp bompengefinansiering vert inne i ny tunnel.

Samnanger kommune ber om at mest mogleg LNF og dyrka mark vert urørt.»

I samband med høyringa til kommunedelplanen, gjorde dåverande fylkestinget i Hordaland slikt vedtak 2. desember 2019:

«1. Fylkesutvalet meiner planutkastet frå Statens Vegvesen utgjer eit godt grunnlag for å starte opp arbeid med ein reguleringsplan for Fv 49 Tokagjelet. Høg rasfare, låg vegstandard, trafikkgrunnlag, vegen sin regionale funksjon og betydning som omkøyringsveg for E16 tilseier at prosjektet skal prioriterast høgt.

2. Fylkesutvalet konstaterer at Regjeringa ikkje har gjort vedtak om ei konseptutvalsutgreiing for ein Hordalandsdiagonal mellom E134 og Bergen. Utfordringane for Fv49 gjennom Tokagjelet er så store at det ikkje er tilrådeleg å avvente ein eventuell framtidig trase for ein Hordalandsdiagonal. Fylkesutvalet viser til at kommunedelplanen viser at det er mogleg å byggje tunnelar vidare frå Kvamskogen mot Samnanger, og at dette kan vere ei aktuell strekning for ein framtidig Hordalandsdiagonal.

.....

5. Fylkesutvalet viser til fylkeskommunen sin økonomiske situasjon, og legg til grunn at vegstrekninga ikkje let seg finansiere berre med fylkeskommunale midlar. Vegstrekninga må difor delfinansierast med ekstra med statlege midlar som følgje av at det er ein naudsynt omkøyringsveg og av vesentleg verdi for næringslivet og/eller brukarfinansiering. Fylkesutvalet ber Fylkestinget ta initiativ til dialog i lag med Kvam og Samnanger mot Staten for å koma fram til ei løysing.»

### Kostnader og budsjett

Kostnadene for utbygging etter vedteken kommunedelplan er rekna til 1,9-3,1 mrd. kr med ein P50 verdi på 2,48 mrd. kr.

I økonomiplanperioden 2021-2024 er det avsett 221 mill. kr til fv. 49 Tokagjelet som oppstart av prosjektet.

Fylkesordførar har vore i dialog med samferdselsministeren om omkøyringsmidlar. Sjølv om samferdselsministeren har hatt forståing for fylkeskommunen sine utfordringar, er det ikkje avsett midlar til omkøyringsvegar eller til store fylkesvegprosjekt i Nasjonal transportplan 2022-2033. Det er likevel lagt opp til noko meir midlar til utbetring av fylkesveg. Etter det fylkeskommunedirektøren forstår, vil storleik og kriterium for desse tilskotsmidlane bli avklara i samband med statsbudsjettet for 2022.

Under handsaming av Nasjonal transportplan 2022-2033 (NTP) gjorde Stortinget vedtak om at det skal utarbeidast ein nasjonal skredsikringsplan for riks- og fylkesvegnettet. Det ser likevel ikkje ut til at det vert auke i fylkeskommunale midlar til skredsikring i nyleg vedtekne NTP. Ein nasjonal skredsikringsplan får truleg først konsekvensar for neste rullering av NTP om fire år.

Fylkeskommunedirektøren meiner det truleg må innførast bompengar som delfinansiering dersom fylkeskommunen skal kunne finansiere prosjektet. Bompengar krev lokalpolitisk tilslutnad, og krev at kommunestyret og fylkestinget gjer eit prinsippvedtak om å starte opp eit arbeid med bompengefinansiering. Fylkeskommunedirektøren legg til grunn at nivået på bompengar må ligge på eit realistisk nivå svarande til bompengenivået andre tilsvarande plassar. Med dette kan bompengar vere eit bidrag men vil langt på veg ikkje vere tilstrekkeleg til å finansiere prosjektet.

Det har vore framheva at det ikkje er naturleg å bruke bompengar til eit rassikringsprosjekt. Samstundes vil prosjektet også bidra til å løyse utfordringar med å erstatte ein dårleg og trafikkfarleg strekning med mange utkøyrslar til hytter samt manglande tilbod til gåande og syklande, samt bidra til redusert reisetid mellom Kvam og Samnanger. I så måte er prosjektet meir enn berre eit rassikringsprosjekt, og fylkeskommunedirektøren meiner det difor kan vere grunnlag for å bruke bompengar som delfinansiering av tiltaket.

Det vil etter fylkeskommunedirektøren si vurdering vere mest realistisk å arbeide for ei finansieringsløysing der både rassikringsmidlar, andre fylkeskommunale midlar, statlege midlar og bompengar inngår.

Regional transportplan er no til høyring, og det vert lagt opp til at planen med handlingsprogram skal fram for fylkestinget i desember. Fylkeskommunedirektøren vurderer finansieringsløysing som del av handlingsprogrammet.

### Reguleringsplan

Fylkeskommunedirektøren meiner det ikkje er ønskjeleg å starte opp arbeidet med reguleringsplan før finansieringa er avklara. Arbeid med reguleringsplan er kostnadskrevjande. Reguleringsplanar går fort ut på dato, noko som kan medføre behov for omregulering.

Fylkeskommunedirektøren vil likevel arbeide med å få fram eit forprosjekt for å avklare kva som kan gjerast utan at arbeidet må gjerast på nytt. Forhold som blir vurderte er m.a. kontraktsstrategi, grunnundersøkingar og bruk av massar. Det vert m.a. vurdert bruk av overskotsmassar på fv. 49 mot Gjermundshamn for å utbetre delstrekningar på denne vegen.

Det har vore dialog med Kvam herad om finansiering. Kommunen har uttrykt stor bekymring for vidare framdrift med prosjektet, og ønskjer oppstart av reguleringsplan snarast mogleg.

Kommunen har peikt på at Lid Jarnindustri har behov for å byggje vidare ut i eit område som er innafor bandlagt område. Fylkeskommunedirektøren vil vurdere om det er mogleg å finne løysingar i dette området før arbeidet med reguleringsplan startar opp.

#### Hordalandsdiagonal

Det er under oppstart arbeid med ei konseptvalutgreiing (KVU) for strekninga E134 - Bergen (Hordalandsdiagonalen). Ein av fleire moglege trasealternativ kan vere via noverande fv. 49 mellom Samnanger og Kvam.

Arbeidet med KVU E134-Bergen vil venteleg ta om lag to år før den kjem på høyring. Det vil i løpet av arbeidet bli avklara om det er aktuelt at ein Hordalandsdiagonal vil gå via Kvam og Samnanger, eller om det er aktuelt med eit anna trasealternativ. Om ein framtidig Hordalandsdiagonal vil gå via Kvam og Samnanger, vil dette bli ein riksveg. Fylkeskommunedirektøren vil i så fall gå inn i ein dialog om ansvar for utbetring av vegen i ein mellomfase.